

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 8.

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Foldereid

Emne: Beit og brom

Bygdelag:

Oppskr. av: P.Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjölstad

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

Oppskrifta er etter pålitande heimelsmenn i bygda og etter eiga röynsle,- opprinneleg samla til eigne oppskrifter om bufe, foring og avdrått i Foldereid.

1) Riset av skav (rogn) vart her i bygda kalla brom. Det vart nytta inntil blyanttjukneller knapt det. Dei braut det i småbitar, 1-2 tommar lange,- betre dess stuttare det var. Dette arbeidet kalla dei å "bromm", og det gjorde dei etter kvart som dei skov. "Bromme"let dei vera ilag med skavet. Noko anna kalla dei ikkje brom her.

Beit var altid berre fint björkeris som var småhakka. Det vart brukt når det var fornaud, elles ikkje.- Furu og granbar vart nytta når det var fornaud, elles ikkje, og berre til småfe. Det vart ikkje kalla anna enn bar, men gjekk ilag med bar (og tang) under samnemninga dråss.

2, Når dei henta ris og bar til for, kalla dei det å hente dråss. Noko serskilt köyrety brukte dei ikkje til dette. Dertil vart det for sjeldan brukt. Bygdefolket tykte synd i dei som vart så

forlause at dei laut bruke dråss.

- 3) Da forlöysa jamnast melde seg først ut på vårparten, var det også i den tida dei henta dråss. Det var ikkje uvanleg at dei som hadde hest, köyrde heim björka med riset på for å få beit, men dei hestlause tok gjerne heim berre riset.
 - 4) Dei vanlege reidskap når ei henta heim beit, avkvista i skogen, var lauvkniv og sigd, men tollekniven vart ^{mot} brukta. Lauvkniven var krumma ~~z~~ egga i framenden. Krumminga var så stor, at ein kunne kröke til seg kvistane som det skulle skjærast beit (og lauv) av.
 - 5) Beit vart brukta til sau og geit, hendesvis også til ku. Det vart finhakka og brukta utan blanding med anna for.
 - 6) Det var mest vanleg å ha haugen med beitkvist attmed vedskottet, så gropkvisten lett vindt kunne brukast opp til brennved. Å sleppe ut krötera til å gnage bork og beit (eller bar) ute, har ikkje vore skikk her i bygda.
 - 7) Sermoni med beit langfredag er ukjent her.
-